

Morgonsong

1. I denne ordninga kan nyttast både på kvardagar og på sundagar. Ho kan og nyttast som forordnaottesong.
2. Ordninga kan kombinerast med andre ordningar, t.d. Nattverd utanom høgmessa.
3. Gudstenesta vert leidd anten av ein prest, som ber liturgisk drakt, eller av ein lek kristen, som kan bera kvit kappe.
4. Den som leier gudstenesta, står ved lesepulten eller på ein annan høveleg stad i koret.
5. Gudstenesta kan gjennomførast utan orgel. Organisten, kløkkaren eller ein annan leier då songen. Inngangssalmen og/ eller slutningssalmen kan sløyfast.
6. Dei bibelske salmane og lovsongane kan lesast skiftevis, t.d. av liturgen og kyrkjelyden, eller dei kan syngjast. Om heile teksten vert sunge av liturg/ forsongar eller kor, kan kyrkjelyden syngja eit omkvede. Dette omkvedet kan ein syngja før og etter heile salmen, eller ein kan syngja det etter kvar fjerde line, eller ein kan syngja eil kort omkvede (t.d. Halleluja) etter annakvar eller kvar line.
7. På sundagar og andre helgedagar kan ein bruka ein av tekstane for dagen, på kvardagar (med unntak av laurdag) ein av tekstane frå den førre sundagen, eller ein kan lesa ein tekst frå ein bibelleseplan. På laurdagar nyttarein ein av tekstane for komande sundag. Dette gjeld ikkje framfor særskilt markerte einskjiddagar i kyrkjeåret.
8. I ledd 7/8 Bøn kan ein bruka den bøna som står i ordninga. På sundagar og andre helgedagar kan ein i staden velja kollektbøna for dagen. På kvardagar (med unntak av laurdag) kan ein nytta kollektbøna frå den førre sundagen. På laurdagar nyttar ein kollektbøna for komande sundag. Dette gjeld ikkje framfor særskilt markerte einskjiddagar i kyrkjeåret.

Bibeltekstane i denne ordninga er henta frå Bibel 2024 og Fadervår frå 2011.

1 | Innleiing

Anten **A**

L vend mot kyrkjelyden | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

K | **Amen.**

Eller **B**

Dersom dette er den fyrste gudstenesta denne dagen:

L | Herre, lat opp mine lipper,

K | **så min munn kan lovprisa deg.**

L | Gud, kom og berg meg.

K | **Herre, skund deg og frels meg.**

A | **Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve.
Amen. Halleluja.**

2 | Morgonsalme

Eller ein salme som svarar til den karakteren dagen har, eller til kyrkjeårstida.

3 | Bibelske salmar

Anten **A**

L | Kom, lat oss jubla for Herren,
hylla vårt berg som frelser oss!

K | **Lat oss gå fram for han med lovsang,
hylla han med song og spel!**

L | For Herren er ein stor Gud,
ein stor konge over alle gudar.

K | **Han har jord-djupnene i si hand
og fjelltoppane i eige.**

L | Havet er hans, han har skapt det,
hendene har forma det faste landet.

K | **Kom, lat oss knela og kasta oss ned,
bøya kne for Herren, vår skapar!**

L | For han er vår Gud,

K | **vi er folket han gjeter,
flokken i hand hand.** Sal 95,1- 7

A | **Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen.**

Eller **B**

L | Gud vere er oss nådig og velsigne oss!
Gud late sitt andlet lysa for oss!

K | **Då skal din veg bli kjend på jorda,
di frelse mellom alle folkeslag.**

L | Folka skal prisa deg, Gud,
alle folk skal prisa deg.

K | **Lat folkeslag gleda seg og jubla,
for du dømmer folka med rettferd
og leier folkeslaga på jord.**

L | Folka skal prisa deg, Gud,
alle folk skal prisa deg.

K | **Jorda har gjeve si grøde,
Gud vår Gud velsignar oss.**

L | Gud skal velsigna oss!

K | **Heile jorda skal frykta han!** Sal 67,2-8

A | **Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen.**

Eller **C**

L | Rop med jubel for Herren, all jorda!
Ten Herren med glede,
kom fram for han med jubel!

K | **Kjenn at Herren er Gud!
Han har skapt oss, vi er hans,
vi er hans folk og den flokken han gjeter.**

L | Kom gjennom portane hans med takkesong,
inn i føregardane med lovsong!
Lov han, velsign hans namn!

K | **Herren er god,
evig er hans miskunn,
hans truskap varer frå slekt til slekt.** Sal 100,1-5

A | **Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og i alltid
og i all æve. Amen.**

Her kan følgja ein eller to salmar til frå Salmane, eller ein bibelsk salme i bunden form.

4 | **Tekstlesing**

Tekstlesinga tek til med
Det står skrive ...

Tekstlesinga sluttar med
Slik lyder Herrens ord.

Her kan det følgja ein svarsalme, sjå Norsk Salmebok 933ff.

Etter tekstlesinga og ein eventue.ll svarsalme kan det vera stilt.

Deretter kan kyrkjelyden og liturgen seia fram eller syngja den apostoliske eller nikenske truvedkjenninga.

Her følgjer eventuelt

5 | **Preike eller tekstmeditasjon**

6 | **Sakarjas lovsong BENEDICTUS**

L | Velsigna er Herren, Israels Gud,
for han såg til sitt folk og har løyst det.
**K | Han har reist for oss eit horn til frelse
i sin tenar Davids hus,**

L | så som han lova frå gammal tid,
ved munnen til sine heilage profetar:
**K | å frelsa oss frå våre fiendar
og frå handa åt alle dei som hatar oss.**

L | Han viste miskunn mot våre fedrar
og kom i hug den heilage pakta,
den eid han gav som lovnad til Abraham, vår far,
**K | så vi, frelste frå fiendehand og utan otte,
kan tena han for hans andlet
i reinleik og rettferd alle våre dagar.**

L | Og du, barn, skal kallast profet for Den høgste,
for du skal gå fram føre Herren og rydja hans vegar
**K | og læra folket hans å kjenna frelsa
når deira synder blir tilgjevne,**

L | for vår Gud er rik på miskunn.
Slik skal lyset frå det høge gjesta oss som ein soloppgang
**K | og skina for dei som bur i mørker og dødens skugge,
og styra våre føter inn på freds veg. LUK 1,68-79**

**A | Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande,
som det var i opphavet, så no og alltid
og i all æve. Amen.**

7 | Bøn

Anten A

L | Lat oss alle be.

Kollektbøn

K | Amen.

Eller B

L | Lat oss takka og be.

Herre, vår Gud og Far, vi takkar deg fordi du har late oss vakna opp til denne dagen, og fordi du på nytt let oss høyra bodskapen om Jesus Kristus, han som du reiste opp frå dei døde og gjorde til Herre i di kyrkje. Vi bed deg: Opna hjarto våre ved din Heilage Ande, så vi tek imot evangeliet om frelsa og etter din vilje ferdast i eit heilagt liv, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

K | Amen.

Eller C

L | Lat oss be.

Herre, allmechtige Gud, du som har gjeve oss ein ny dag, vi bed deg: Styrk oss med di kraft, så vi ikkje fell i synd. Lei tankar, ord og gjerningar, så vi gjerdet som er rett, deg til ære og medmenneska våre til gagn, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

K | Amen.

Eller D

Eit litani, t.d. Norsk Salmebok 951-953

Eller E

L | Lat oss be.

Ei anna bøn, formulert føreåt

Deretter kan ein halda fram såleis:

L | Lat oss framleis be, høgt eller stilt.

**Den som bed høgt, sluttar med
Gud, vi bed deg.**

K syng | Herre, høyr vår bøn.

8 | Herrens bøn

A seier fram eller syng | Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.
Amen

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

9 | Slutningssalme

10 | Avslutning

Anten **A**

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss prisa Herren.
K kyrkjelyden reiser seg | **Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.**

Eller **B**

L vend mot kyrkjelyden | Herren vere med dykk.
K kyrkjelyden reiser seg | **Og med deg vere Herren.**

L | Vår Herre Jesu Kristi nåde,
Guds kjærleik og Den Heilage Andens samfunn
vere med dykk (oss) alle.

K | **Amen.**

Her kan følgja
Postludium